



Sak nr 10/2024

Møtedato: 10.04.2024 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

VASSMÅLER PÅ RENSENN, NESTISVATN OG MOSVATN

Fjellstyret er høyringspart ang grunn disponeringssak, jfr Fjellova § 12.


Dette gjeld oppsetjing av vasstandsmålarar i innløp/utløp av følgjande vatn: Rensenn, Nestisvatn og Mosvatn. Bakgrunn er ynskje om meir og betre oversikt i flaumsituasjonar eller tørre periodar.

Sjølve utføring blir ein stolpe med skilt med land, der det går ein leidning ut i vatnet frå botn av stolpen. Denne ledningen skal ligge på botn, frem til ein brakett på ca 50x60 cm – der braketten må stå litt over botn for å få riktig avlesing.


I denne saka er det viktig å vurdere tilpasningar til fiske, samt evt om dette er noko beitedyr kan skade seg på. Følgjande alternative plasseringar er tenkt:



Nestisvatn



Mosvatn



Rensenn

Vurdering:

Slik dette tiltaket er skildra frå tiltakshavar – Skagerak Kraft AS, burde dette ikkje vere til ulempe for beitenæringa. Den eine stolpen med sensor pr punkt vil ikkje vere vesentleg ulikt dei stolpar som landbruket sjølv nyttar.

Når det gjeld i høve til andre interesser som fiske, vil det vere ein god tilpassing at kabel ligg på botn slik at den ikkje kan hekte fiskeutstyr. Dette må vere tiltakshavar sitt ansvar å påsjå.

Ang brakett der sensor monteres (på botn), vil dette kunne vere eit delvis hinder for fiske. Det er difor viktig med riktig plassering s ulempene vert redusert mest mogleg.

Ang plassering tilrår administrasjonen følgjande alternativ:

Nestisvatn: punkt 2

Mosvatn: punkt 1

Rensenn: punkt 1

Oppsummert:

Administrasjonen tilrår ei positiv uttale til omsøkt tiltak, der ein presiserer kva for alternativ ein finn er best. Det bør og definerast ynskje om at fjelloppsynet er med på felles synfaring/ved oppføring av tiltaket for å sikre at våre interesser vert ivaretake.

Det bør og setjast klart standpunkt om at dersom våre interesser vert skadelidande gjennom seinare erfaringar, bør Statskog krevje tilpassingar i ettertid.

Forslag til vedtak:

Vestre Slidre fjellstyre er positiv til omsøkt grunn disponeringstiltak. Det vert sett følgjande vilkår til uttala:

1. Prioriterte alternativ: Nestisvatn – pkt 2, Mosvatn – pkt 1, Rensenn – pkt 1
2. Fjelloppsynet kontaktes ved oppsetjing, der faktiske forhold ved oppsetjing kan påverkas på staden.
3. Dersom seinare erfaringar syner problematiske forhold, ber ein Statskog innarbeide i avtala moglegheit for tilpassingar i ettertid.

Vedtak:

Vestre Slidre fjellstyre er positiv til omsøkt grunn disponeringstiltak. Det vert sett følgjande vilkår til uttala:

1. Prioriterte alternativ: Nestisvatn – pkt 2, Mosvatn – pkt 1, Rensenn – pkt 1
2. Fjelloppsynet kontaktes ved oppsetjing, der faktiske forhold ved oppsetjing kan påverkas på staden.
3. Dersom seinare erfaringar syner problematiske forhold, ber ein Statskog innarbeide i avtala moglegheit for tilpassingar i ettertid.

Samrøystes

Det er ikkje klagerett på dette vedtaket, då dette er ei uttale til grunn disponeringstiltak.

Vestre Slidre fjellstyre den 11.04.2024

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Berørte partar